



Lloyd Ryland
Holsbergstien 8
5918 FREKHAUG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 21/10340 - 23/68494

Saksbehandlar:
Anne Lise Molvik
anne.lise.molvik@alver.kommune.no

Dato:
04.09.2023

Endra godkjenning av personleg ansvarsrett - gbnr 310/239 Holme

Administrativt vedtak: Saknr: 915/23
Tiltakshavar: Lloyd Ryland
Søknadstype: Søknad om personleg ansvarsrett

VEDTAK

Med heimel i plan- og bygningslova § 23-8, jf. forskrift om saksbehandling i byggesak § 6-8, godkjenner kommunen tiltakshavar Lloyd Ryland sin søknad om personleg ansvarsrett som sjølvbyggjar for arbeid knytt til oppføring av støttemur og levegg på gbnr 310/239. Ansvarsretten omfattar heile tiltaket.

Tidlegare godkjend ansvarsrett som sjølvbyggjar for tidlegare heimelshavar Einar Hodneland utgår, jf. vedtak datert 12.08.2014.

Tiltak

I samband med søknad om ferdigattest for godkjend støttemur og levegg på eigedomen gbnr. 310/239 gitt i vedtak datert 12.08.2014, er det søkt om endring av ansvarsrett for arbeidet. Ny tiltakshavar Lloyd Ryland søker om personleg ansvarsrett som sjølvbyggjar for heile tiltaket. Han har sannsynleggjort nødvendig kompetanse delvis ved eiga utdanning/praksis, bruk av medhjelpar og innleigd føretak.

Endringa medfører at tidlegare godkjend ansvarsrett som sjølvbyggjar for tidlegare heimelshavar Einar Hodneland utgår, jf. vedtak datert 12.08.2014.

Det vert elles vist til søknad journalført mottatt 11.04.2022.

VURDERING

Tiltakshavar har etter kommunen si vurdering sannsynleggjort at arbeidet vil bli utført i samsvar med føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova. Søknaden

om personleg ansvarsrett for oppføring av støttemur og levegg vert godkjend. Ansvarsretten omfattar heile tiltaket.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 5-3, 3.ledd og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Føretak som har fått avslag på søknad om ansvarsrett har særskilt rett til å klage over dette vedtaket.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ansvar

Tiltakshavar er ansvarleg for at byggverket vert oppført i tråd med føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, jf. pbl. § 23-1, 2. ledd. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner gjeld føresegnene føre løyvet. Vedtak etter plan- og bygningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve, jf. pbl. § 21-6.

Kopi av dette vedtaket, samt andre saksdokument, skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen.

Bortfall av løyve

Om byggearbeidet ikkje er sett i gang innan 3 år etter at rammeløyvet er gitt, eller vert innstilt i lengre tid enn 2 år, fell løyvet bort, jf. pbl. § 21-9. Dette gjeld også dispensasjonsløyvet.

Ved all vidare kontakt i denne saka, referer til saknr.: 21/10340

Med vennleg helsing
Alver kommune

Anne Lise Molvik
Rådgjevar

Are Frøysland Grande
Avdelingsleiar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Mottakarar:

Lloyd Ryland

Holsbergstien 8 5918

FREKHAUG